



Årsmøtet i Uskedal bondelag vedtok uttale om nedlegging av brannstasjonen i bygda.

Årsmøte i Uskedalen Bondelag var i år lagt til Elins Matgleder , torsdag 16. november .Programmet for kvelden var tettpakka . Heile 28 personar hadde funne vegen til Nedre Feet denne kvelden, og det utgjør halvparten av våre medlemmar.

Det starta med ein fortreffelig middag med pinnekjøtt og riskrem med rød saus til dessert. Heilt fabelaktig som Ingrid Espelid Hovig ville sagt det. Det heile sponsa av Nortura, bøndene sitt eige selskap med Gilde og Prior som dei mest kjende merkevarene.

Første post på programmet var nettopp Nortura og Roy Erik Hetland som tok for seg samvirke si rolle som marknadsregulator når det gjeld kjøtt i Noreg. Stoda er den at det er underskott på storfekjøtt mens det er overskott på gris og sau/lam. Mykje av overskottet vert frose ned og det medfører ekstra kostnader for fellesskapet. Det var nemnt at kiloprisen på sau til bonde no er under kr. 5,- Ei skam for samfunnet, men sikkert heilt i tråd med det dei styrande i dette landet ynskjer seg. Ingen kan leva av slike prisar. Revemat kostar meir for kiloen og det seier ikkje så reint lite.

Lars Peter Taule, organisasjonsjef i Hordaland Bondelag informerte frå møte som vart halde i august mellom Festidalen og Hordaland Bondelag. Eit konstruktivt møte der ein vart samd om at lokallaget tek kontakt med Festidalen for å unngå at vi får slike hendingar som i år, i framtida. Årsmøte gav si fulle støtte til brevet som no vert sendt til leiinga i Festidalen.

Ei anna viktig sak før vi gjekk laus på sjølve årsmøte var saka om nedlegging av brannstasjonen i bygda. Heilt meiningslaust. Årsmøte sette ned ei gruppe på 3 personar som arbeide fram ein uttale under årsmøte som sjølve årsmøte gav si fulle støtte til.

Årsmeldinga for laget syner at laget no har 59 medlemmar, ein liten auke frå i fjor.

Av aktivitetar nemner ein den årlige julegrauten i desember med heile 24 personar og ny bestenotering. Det er sikkert rykte som Tor Ove Haugland har fått for grauten sin og ikkje minst Svanhill og Lars Haugland sitt svært så

interessante føredrag om studieturen dei hadde hatt i lag med Tine til Sveits som gjorde utslaget.

Så kom saka om skapte mest støy dette året nemlig fyrverkeriet under Festidalen. Ikkje rart dei firbeinte i bygda sprang på viddene. Det smell så ei skulle tru vi var i full krig. Det skulle vel ikkje koma som noko stor overrasking på nokon at Bondelaget er sterkt kritisk til spesielt bruken av fyrverkeri så tett inn på beiteområda til husdyra våre. Her vert no søkt kontakt med leiinga i Festidalen for å unngå dette i framtida.

I oktober så hadde det ro seg litt att så vi fekk ha eit medlemsmøte på Kvinnherad Vekstbedrift med slåttegraut som hovudrett. Temaet var føring etter det særst vanskelige året vi har hatt med mykje nedbør og dårlig grovførkvalitet. Fiskå Mølle stilte med toppfolk på området så vi fekk ei svært interessant gjennomgang og gode råd med på veien.

Vi fekk tid til val før klokka runda midnatt og det nye styret vart Runar Myklebust, Ragnhild T. Bjørke, Tor Ove Haugland, Lars Haugland og Hans Reidar Kjærland. Styret konstituerer seg sjølv.

Tekst: Hans Reidar Kjærland

Foto: Kristian Bringedal

Nett: Thor Inge Døssland



Nydyrking er ei sentral arbeidsoppgåve for mange av bøndene i Uskedalen.